

"Tidi kjem aldri att" – tankar kring normeringsarbeidet

Rettskrivningsnemnda har gjort eit stort arbeid og det er nyttig og lærerikt å lesa både utgreiingane og innstillinga - og no sist alle høyringsfråsegnene. Ein kan bli "tankefull", men kanskje ikkje "fjåg" av mindre. *Lett* er det i alle fall *ikkje*. Mandatet er motseiingsfullt og det kjem an på kva nemnda i siste instans vil leggja *sterkast* vekt på når no arbeidet skal sluttførast.

Høyringsfristen kunne ha vore lengre, iallfall 5 veker. Ser at svært mange av høyringsinstansane ikkje har uttalt seg. Det er synd sjølv om det nok elles ikkje har mangla på innspel og synspunkt.

Di meir eg går opp og inn i normeringsvala, dess meir usikker blir eg på kva som er *framtidssleia* for nynorsken. Det *kan* gå bra eller därleg *uansett*, for rettskrivinga bergar ikkje nynorsken. Men det *må* til ei grundig og vidtfemnande opplæring i den nye rettskrivinga.

Nynorskkompetansen i ei rad yrkesgrupper og institusjonar *må* styrkjast slik m.a Litteraturselskapet Det Norske Samlaget gjer framlegg om. No har vi sjansen til å pressa på og få løyvd pengar til slike tiltak.

Romsdal Mållag har sendt inn ei kort fråsegn som underteikna fremja på årsmøtet 24.02. Denne kunne heile årsmøtelyden samla seg om som eit minimum. Personleg ville eg gjerne hatt med nokre punkt til som strir *mot* tilrådinga. Og *alle* oppsummert vil det sjå slik ut:

1. Halda fast på *kløyvd infinitiv*. Det skiplar ikkje noko eller nokon! (**Mange** fråsegner underbyggjer dette på ein overtydande måte.)
2. Oppretthalda skiljet *de* – *dykk*. Desse må framleis vera eineformer.
3. Jamstille dei monoftongerte formene *drømme, høre og kjøre* med *drøyme, høyre og køyre*. Tilsvarande med *drøm – draum*. (Godt underbygd i **mange** høyringsfråsegner.)
4. *I-supinium* kan/bør stå ved lag. Det er ikkje noko "problem". 30 års røynsle som norsklærar i den vidaregåande skulen er grunnlaget mitt for det.
5. Trur det er ei god løysing med *valfri samsvarsbøyning* av svake verb. Mange yngre nynorskbrukarar er nokså framand for denne samsvarbøyninga og har henne heller ikkje i talemålet. (Ser det i

elevarbeid og det er fint å slappa å terpa på noko som mange finn "unaturleg").

6. *Skole* er det no vanskeleg å "rydda ut" – og knapt ønskjeleg, sjølv om *skule* burde ha vore *mykje* meir brukt. Eit døme er skulen der eg arbeider: *Fræna vidaregåande skole*. *Burde* ha heitt *skule*, men..... (Godt grunngjeve av mange instansar, ikkje minst frå fylkesmållaga i Trøndelag og på Nordmøre.)

Synd at de ikkje fekk tilgang til eksamenssvar i norsk. Det er nok slik at *dei fleste* av dei språkfeila elevane gjer ligg *utanfor* dei endringane og oppryddingane nemnda har gjort framlegg om. Det er gjengangarfeil av meir elementært slag, og eg kan lista dei opp på førehand for ei undervisningsgruppe *før* elevane har levert arbeida sine! Om nemnda er interessert, kan eg senda ei slik liste. - Likevel vil den nye rettskrivinga temmeleg sikkert gjere nynorskopplæringa i skulen noko lettare.

Lykke til med fullføringa av arbeidet!

Elnesvågen, 27.02.11

Øyvind Fenne

PS. Dette er ikkje ei høyringsfråsegn, kunne ha vore det viss innsendt i tide, men eit innspel i som de like fullt kan ta med dykk.